



**DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT**

## **Rundskriv R**

---

Alle departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-4/2010

Vår ref  
10/1442 C/EAa/SBP

Dato  
26.03.2010

## **HOVUDBUDSJETTSKRIV FOR 2011**

### **Retningslinjer for arbeidet med statsbudsjettforslaget for budsjettåret 2011**

Finansdepartementet gir i dette skrivet retningslinjer for arbeidet med budsjettforslaget og tilhørende budsjettdokument. Der det er utført anna enn språklege forandringar frå i fjor, er dette markert med strek i margin.

---

	Side	
1	Budsjettkalenderen for 2011-budsjettet	2
2	Gjennomføring av rammebudsjettering	2
3	Fastsetjing av rammene	4
4	Rammedisponeringsforslaget frå departementa	6
5	Budsjetteringsprinsipp	9
6	Gul bok 2011	11
7	Fagproposisjonane 2011	13
8	Budsjettforslag som har verknad for kommunar og fylkeskommunar	18
9	Overslag over behov for å endre løyvingane i 2. halvår for 2010-budsjettet	19
10	Retningslinjer for offentleg informasjon om budsjettsaker	19

---

## 1 BUDSJETTKALENDEREN FOR 2011-BUDSJETTET

Det er fastsett følgjande kalender for budsjettarbeidet:

28. juli:	Frist for innsending av rammefordelingsforslaget
3. august:	Frist for innrapportering av anslag for tilleggsløyvingar 2. halvår 2010
31. august	Regjeringskonferanse om 2011-budsjettet
1. september	Regjeringskonferanse om 2011-budsjettet
17. september:	Fagproposisjonane i statsråd
1. oktober:	Gul bok i statsråd
Primo oktober:	Budsjettet blir lagt fram

## 2 GJENNOMFØRING AV RAMMEBUDSJETTERING

Som i dei føregåande åra, skal arbeidet med statsbudsjettet for 2011 vere i tråd med prinsippa for rammebudsjettering.

### 2.1 Hovudprinsippa for rammebudsjettering

Rammebudsjettering som budsjetteringsform skal gi eit formålstenleg grunnlag for effektiv politisk prioritering og bidra til effektiv ressursbruk. Når Regjeringa har fastlagt dei totale og departementsvise utgifts- og inntektsrammene, og definert dei politiske hovudprioriteringane som budsjettarbeidet skal byggje på, gjer dei einskilde departementa den detaljerte fordelinga på kapittel og post. Rammetala er fastsette per departement som i utgangspunktet fritt kan fordele dei fastsette budsjetttrammene til dei ulike formåla innanfor departementsområdet. Dersom Regjeringa har vedteke innstramningar, kan også desse som hovudregel bli erstatta av alternative reelle innstramningstiltak.

Rammefridomen som departementa har, er nært knytt saman med departementa sitt ansvar for at budsjetttrammene blir haldne gjennom budsjettåret.

Det gjeld visse avgrensingar i høvet til å fordele budsjetttrammene:

- Departementa si rammefordeling skal primært byggje opp under dei satsingsområda Regjeringa har vedteke i budsjettarbeidet. Store og politisk viktige endringar som departementa gjer innanfor eigne budsjetttrammer, skal leggjast fram for Regjeringa. Dette inneber mellom anna at departementa sine forslag til satsingar som del av interne prioriteringar, ikkje kan innarbeidast

endeleg i budsjetta før motsvarande inndecking er endeleg godkjent av Regjeringa. Dette gjeld større og meir prinsipielle saker kor ei politisk avklaring er nødvendig.

- Budsjettet skal vere realistisk, jf. § 3 i løyvingreglementet. Omdisponering frå regelstyrte og lovbundne løyvingar må vere reelle og gjelde realistiske regelendringar. Dersom ein kjem til at utgiftene i 2011 blir lågare enn tidlegare rekna med, kan mindreutgiftene ikkje nyttast til nye tiltak eller regelendringar som medfører meirutgifter. Vi minner også om at løyvingar med stikkordet "kan overførast" må budsjetterast realistisk. Det skal ikkje førast opp høgare beløp enn det ein meiner faktisk vil bli utbetalt i løpet av budsjettåret.
- Ingen investeringsprosjekt over 500 mill. kroner, med unntak for prosjekt i regi av SDØE og helseføretaka, kan bli fremja for Stortinget før ekstern kvalitetssikring av styringsunderlag og kostnadsoverslag (KS2) er gjennomført og Regjeringa har teke stilling til kostnadsramma. Finansdepartementet ber om at departementa opplyser i rammefordelingsforslaget kva for prosjekt over denne grensa som departementa planlegger å fremja i budsjettforslaget for 2011. For at eit prosjekt skal vurderast av Regjeringa og ev. kunne fremjast for Stortinget i Prop. 1 S for 2011, må ferdig KS2-rapport ligge føre seinast 5. august 2010. Investeringar over 500 mill. kroner som det er knytt satsingsforslag til, blir handsama som andre satsingsforslag som skal vurderast på budsjettkonferansen i august.
- Det er som hovudregel ikkje tillate å omprioritere frå løyvingar som inngår i det kommuneøkonomiske opplegget. Eventuelle forslag til omprioriteringar må takast opp med Kommunal- og regionaldepartementet. Departementa kan heller ikkje flytte midlar frå rammetilskot til øyremerkte tilskot utan at dette er godkjent av Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet som reelle funksjonsendringar.
- Departementa må aktivt følgje opp Regjeringa sine innsparingstiltak. Innsparingstiltak skal alltid innarbeidast med netto reduksjon. Dersom det er nødvendig med auka administrative ressursar for å gjennomføre reduksjon under ei tilskotsordning, må reduksjonen også dekkje dei administrative meirutgiftene.

Sidan rammene som er fastsette i mars er endelege, med unntak for eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar, har fagdepartementa som hovudregel ikkje høve til å fremje nye forslag utanom den vedtekne ramma.

Ein føresetnad for ein vellukka rammestyrt budsjettprosess er at dei einsskilte departementa prioriterer innanfor budsjetttrammene sine i tråd med dei overordna prioriteringane til Regjeringa. I stor grad må prioriteringane i budsjettet skje gjennom omprioriteringar innanfor departementas budsjetttrammer. Det er det einsskilte departement sitt ansvar å sjå til at slike omprioriteringar og tiltak for effektivisering av ressursbruken blir gjennomført.

Fridom ved fordelinga av budsjetttramma inneber at det må leggjast stor vekt på arbeidet med resultatoppfølging og resultatrapportering.

### **3 FASTSETJING AV RAMMENE**

#### **3.1 Generelt om Regjeringa si fastsetjing av rammene**

Arbeidet med å førebu forslaget til statsbudsjett for 2011 skal baserast på prinsippet om rammebudsjettering. Det inneber at Regjeringa fastset departementa sine totale utgifts- og inntektsrammer og dei politiske hovudprioriteringane som budsjettforslaget skal byggje på. Departementa har ansvaret for å fordele rammene på dei einskilde budsjettkapitla og postane i samsvar med dei retningslinjene som Regjeringa har vedteke, jf. punkt 2.

#### **3.2 Budsjettkonferansen 14. - 16. mars 2010**

Regjeringa fastsette på budsjettkonferansen 14. - 16. mars 2010 utgifts- og inntektsrammer for departementa.

Innanfor den totale utgiftsramma blei det også avsett ein pott til politiske profileringar. Denne avsetjinga vil bli fordelt på budsjettkonferansen i august.

Departementa har fått tilsendt Regjeringa sine konklusjonar om utgifts- og inntektsrammene og andre budsjettføresetnader i egne rammebrev. Rammene i rammebrev er i 2011-prisnivå. Departementa skal leggje disse rammene til grunn for det vidare budsjettarbeidet. Verknader av lønnsoppgjeret for statstilsette og justering av grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2010 vil bli innarbeidd seinare.

#### **3.3 Budsjettkonferansen i august**

Rammene som er fastsette av Regjeringa på budsjettkonferansen 14. - 16. mars, er endelege. Med unntak av verknader av lønnsoppgjeret for statstilsette og justering av grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2010, er det einaste som kan kome i tillegg:

- Eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar
- Eventuelle rammeoverføringar mellom departementa
- Eventuelle justeringsforslag

Innsende satsingsforslag på budsjettkonferansen i mars som ikkje er innarbeidd i rammene og heller ikkje ført til profilbehandling, er avvist i det vidare arbeidet med 2011-budsjettet. Satsingsforslaga som er vedtatt ført til profilbehandling kan ikkje bytast ut med andre satsingsforslag av departementa.

Nedanfor blir det gjort nærare greie for kva forslag til justeringar av rammene som departementa kan foreslå til budsjettkonferansen i august. Ved forslag om justering av utgifts- og inntektsrammene må departementa også vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2012-2014).

#### *Endringar i anslag for regelstyrte overslagsløyvingar*

I konsekvensjusteringa har Finansdepartementet og vedkomande departement vurdert

den sannsynlege utgiftsutviklinga i dei regelstyrte løyvingane. Dersom det er grunnlag for å revurdere prognosane som ligg til grunn for rammene som blei fastsette på budsjettkonferansen i mars, slik at det ut frå kravet om realistisk budsjettering er heilt nødvendig å endre anslaga for 2011, skal departementet fremje forslag om ei slik endring.

Dersom justerte anslag visar at det under ei regelstyrd løyving er eit mindre behov enn lagt til grunn i ramma, kan vedkomande departement ikkje omprioritere det overskytande til andre formål. Innsparinga må innarbeidast i rammefordelingsforslaget som reduksjon i ramma.

#### *Endringar i føresetnader om valutakurs*

For løyvingar til tilskot til utanlandske organisasjonar o.l. som blir betalte i framand valuta, skal budsjettforslaget for 2011 vere basert på kursen for vedkomande valuta per 1. juni 2010.

I dei tilfella der ein kan påvise at kursen per 01.06.2010 viser ei vesentleg endring i forhold til det som låg til grunn for løyvinga i 2010, og dermed det konsekvensjusterte budsjettet, kan departementet i rammefordelingsforslaget foreslå ein reduksjon eller eit påslag tilsvarande desse endringane.

#### *Inntekter og utgifter under ordningar med meirinntektsfullmakt*

Meirinntektsfullmakter gir høve til å overskride utgiftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekt. Sjølv om det er etablert ordningar med meirinntektsfullmakt, skal dei utgifts- og inntektspostane som høyrer saman bli realistisk budsjetterte. For fleire verksemdar viser statsrekneskapen for dei seinare åra vesentleg høgare rekneskapsførde inntekter enn i nysaldert budsjett. Det gjeld i stor grad postar som det er knytt meirinntektsfullmakter til. Det inneber at departementa i rammedisponeringsforslaget for 2011 må leggje større vekt på rekneskapstala for å fastsetje nivået på utgiftspostane og inntektspostane. Departementa må derfor vurdere slike utgifts- og inntektspostar, og eventuelt foreslå parallelle justeringar av inntektene og utgiftene.

#### *Forslag til funksjonsendringar mellom departement*

Når det er semje mellom to departement om overføring av eit bestemt funksjonsområde, skal departementa omtale dette forholdet og justere budsjetttrammene i rammefordelingsforslaget. Dette kan til dømes gjelde overføring av løyving og endringar som ledd i omstillingstiltak i staten.

#### *Eventuelle forslag om alternative innsparingstiltak*

I rammebrevet til kvart einskild departement er det gjort kjent korleis Regjeringa sine innsparingsvedtak skal gjennomførast. Departementa kan fremje alternative forslag til reelle innsparingar. Dersom det er nødvendig med politisk avklaring av dei alternative forslaga, kan desse fremjast til handsaming på budsjettkonferansen i august.

## 4 RAMMEFORDDELINGSFORSLAGET FRÅ DEPARTEMENTA

### 4.1 Generelle krav til framstillinga

Forslaget til rammefordeling skal vere kortfatta og poengtert slik at hovudprioriteringane kjem klart fram. Departementa bør leggje opp arbeidet med rammefordelingsforslaget slik at det går inn som ein del av det generelle arbeidet med fagproposisjonen. Ein skal leggje hovudvekta på å gjere greie for og grunngi større reelle endringar samanlikna med saldert budsjett 2010.

Departementa må:

- få klart fram korleis rammefordelinga samsvarer med dei sentrale politiske satsingsområda
- gi ei vurdering av dei regelstyrte løyvingane
- vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2012-2014).
- vurdere følgjande moment for nye tiltak som er teke med innanfor budsjettamma:
  - tiltakets formål og varigheit
  - behovet for tiltaket og forventa resultat
  - forventa økonomiske og administrative konsekvensar i tråd med Utredningsinstruksen, inkludert samfunnsøkonomisk lønnsemd og nytteverknad så langt som mogleg målt i kroner
  - eventuelle bindingar på statsbudsjettet i dei følgjande budsjettåra.

Finansdepartementet vil særleg vurdere:

- den samfunnsøkonomiske lønnsenda av nye tiltak som er teke med innanfor budsjettamma, og om slike forslag fører til auka løyvingar etter 2011
- om løyvingar som gjeld regelstyrte ordningar, er budsjetterte realistisk
- den allmenne realismen i budsjetteringa.

Dersom rammefordelingsforslaget avvik frå dei rammene som blei fastsette på budsjettkonferansen i mars, må departementet gjere særskild greie for dei forholda som ligg til grunn for dette, bl.a. om det gjeld nye anslag på regelstyrte ordningar eller andre forhold, jf. pkt. 3.3 ovanfor. Det må komma tydelig fram kva som er årsaka til endringane, til dømes om det gjeld endra kostnadar per eining eller talet på einingar. Det må og gis ein oversikt over kva for budsjettpostar endringane gjeld og om det er fleire høve som påverkar same budsjettpost. For omprioriteringar innafør budsjettamma må det gjerest greie for både kor utgiftene er satt ned og kor dei er satt opp. Dersom same budsjettpost blir påverka av ulike endringar, må det i tillegg til netto verknad på posten, gjerast greie for kvar endringsfaktor for seg, til dømes kva som gjeld nye anslag, omprioriteringar, tekniske endringar, flyttingar mellom departement mv.

Innanfor dei fastsette rammene utarbeider kvart fagdepartement sitt rammefordelingsforslag (RFF) som blir levert til Finansdepartementet innan 28. juli

2010. I tillegg skal teksten leverast via Budkom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word 97-2003-dokument. Fila kan kallast RFF10fag.doc der "fag" blir erstatta med forkortinga for det aktuelle departementet.

#### **4.2 Oversiktstabellar**

Vi ber om at følgjande tabellar blir tekne med i innleiinga til rammefordelingsforslaget (i 1000 kroner):

A. Departementet sine utgifter fordelte på programområde og programkategoriar med 4 kolonnar med

- 1) rekneskap 2009
- 2) saldert budsjett 2010
- 3) Budsjettet si stilling for 2010 etter 1. halvår
- 4) Departementet sitt forslag for 2011

B. Inntektene til departementet fordelte på programområde og programkategoriar med 4 kolonnar med

- 1) rekneskap 2009
- 2) saldert budsjett 2010
- 3) Budsjettet si stilling for 2010 etter 1. halvår
- 4) Departementet sitt forslag for 2011

Som separat vedlegg skal spesifikasjon av summene for 2011 fordelt på kapittel og post sendast inn. Ved rapportering av driftsutgifter, må post 1 fordelast mellom 2 underpostar (1 Lønn og godtgjersler og 2 Varer og tenester). For kapittel under Statens forretningsdrift (kap. 2440 - 2490) må også underpostar under post 24 førast opp.

Dette materialet må leverast på papirutskrift som må ha fullstendig kapittel- og postnemning og stikkord, slik som i utkast til vedtak.

#### **4.3 Fordeling på kapittel og post - bruk av elektroniske løysingar**

Data skal leverast elektronisk via Budkom eller på anna elektronisk medium.

Fila skal genererast via budkom og heter "Rammefordelingsforslag" (RAMM) og ser ut som følgjer:

År	Depnr	Omrnr	Katnr	Kap	Post	Upost	Endring	Status
2011	01	02	00	0100	01	1	692280	692280
2011	01	02	00	0100	01	2	778513	778513
2011	09	17	20	2460	24	1	-49500	-49500
2011	09	17	20	2460	24	2	49500	49500

Data må vere lagra som rein tekst (txt). Kvant felt skal vere skilt av med ein tabulator.

Alle felte må fyllas. Alt dette skjer automatisk når ein kjører rapporten i Budkom.

Fagdepartementa må spesifisere lønnsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester på underposter i Regjeringa sitt interne budsjettarbeid. Driftsutgifter under post 01 er fordelt på underpost 1 Lønn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester. Når løyvingframlegga blir fremma for Stortinget, er dei slått saman til ein felles driftspost.

Alle 24-poster spesifiserast på underpost. Ingen andre postar skal splittast opp på underpost.

Spørsmål kan rettast til Ann Kariin Holand (tlf. 22 24 43 07).

#### **4.4 Romartalsvedtak**

Omgrepet "romartalsvedtak" blir brukt om vedtak som Stortinget gjer i samband til budsjettet utanom løyvingane på kapittel og post. Slike vedtak kan til døms gjelde fullmakter til å stifte forpliktingar for framtidige budsjettår eller til å overskride utgiftsløyvingar på grunn av meirinntekt.

Forslag som krev romartalsvedtak må departementa ta opp med Finansdepartementet. Forslag om slike vedtak blir tekne med både i Gul bok og i fagproposisjonane.

Departementa skal sende forslag til romartalsvedtak for 2011 til Finansdepartementet som vedlegg til rammefordelingsforslaget med frist 28. juli 2010.

Forslaga til romartalsvedtak skal utformast etter den same malen som er nytta dei siste åra. Det blir vist til Gul bok 2002, kap. 6.1 der det er gjort greie for kva for prinsipp som er lagt til grunn for utforminga av romartalsvedtaka.

#### **4.5 Eventuelle endringar i forhold til rammefordelingsforslaget**

All beløp på kapittel og post for 2011 blir lagt inn i databasen i Finansdepartementet slik dei er førde opp i forslaget til rammefordeling. Etter budsjettkonferansen i august skal fagdepartementet snarast mogeleg stadfeste endringane frå rammefordelingsforslaget på særskilde ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Underpost	Nemning	Endring	Statusbeløp
-----	------	-----------	---------	---------	-------------

Alle endringar i nemning på kapittel og postar må sendast inn på særskild ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Nemning (bare den nye nemninga)	Programkode
-----	------	---------------------------------	-------------

Finansdepartementet vil sende ut eit eige rundskriv om desse stadfestingane i august.



#### **4.6 Sektorovergripande miljøvernpolitikk**

I samheng med rammefordelingsforslaget må kvart departement utarbeide ei forklaring av miljøprofilen i forslaga sine og sende denne til Miljøverndepartementet, jf. omtale i pkt. 7.2.3.

### **5 BUDSJETTERINGSPRINSIPP**

#### **5.1 Generelt**

Budsjettforslaget skal baserast på gjeldande vedtak og prinsipp for statleg budsjettering. Det blir vist til utførleg framstilling i del II i "Veiledning i statlig budsjettarbeid". Rettleiaren er også å finne på internett (Finansdepartementet si heimeside på Regjeringa.no). Spesielt vil vi vise til punkt 2.2.2.3 om prinsippet om fullstendig budsjettering og kravet om realistisk budsjettering av både utgifter og inntekter, samt punkt 2.2.2.5 om bruttoprinsippet.

Vidare viser vi til rundskriv R-101 Statsbudsjettets og bevilgningsregnskapets inndeling i poster og underspesifikasjoner – statens kontoplan. Rundskrivet er å finne på Finansdepartementets heimeside på Regjeringen.no.

Dersom ein ønskjer å knyte stikkorda "*overslagsløyving*", "*kan overførast*" eller "*kan nyttast under*" til nye postar eller til postar som tidlegare ikkje har hatt stikkord, krev dette særskilt omtale. Dette gjeld likevel ikkje når stikkordet "*kan overførast*" skal knytast til investeringspostane 30 - 49.

#### **5.2 Pris- og lønnsnivå**

Lønnsbeløpa i budsjettforslaget skal innarbeidast på grunnlag av dei regulativsatsar og vedtak som gjeld etter 1. mai 2010. Det same gjeld dei tilskotspostane kor det er avtalt med Finansdepartementet at ein følgjer same budsjetteringsprinsipp som for lønnspostane til staten. Særskild melding om eventuelle påslag på rammene vil bli gitt når konsekvensane av lønnsreguleringa per 1. mai 2010 er klar. Forvaltningsbedriftene vil som i tidlegare år, ikkje bli kompenserte for verknadene av lønnsoppgjera. Det må derfor settast av midlar til å dekkje lønnsoppgjera for 2010 og 2011 innanfor post 24 Driftsresultat. Nettobudsjetterte forvaltningsorgan med særskilde fullmakter er allereie kompenserte for forventa lønn, og blir ikkje ytterlegare kompensert for verknadene av lønnsoppgjera etter at det endelege utfallet av lønnsoppgjera er kjent.

Beløpa i rammefordelingsforslaget og Prop. 1 S skal vere basert på det pris- og lønnsnivå som forventast i 2011.

#### **5.3 Særleg om lønnspostane**

Budsjettering under lønnspostane er omtalt i rundskriv R-101 frå Finansdepartementet, sjå vedlegg 2, avsnitt 2.5.2 i rettleiaren for statleg budsjettarbeid.

Statlege verksemdar skal i 2011 nytte den satsen for arbeidsgivaravgift som gjeld i den avgiftssona verksemda er lokalisert, jf. Rundskriv R-5 frå Finansdepartementet datert 30. juni 2006. Det blir i denne samanhengen også vist til omlegginga frå sentral

berekning til lokal berekning av arbeidsgivaravgift frå 1.1.2004 for statlege verksemdar, jf. rundskriv R-103.

Det skal normalt ikkje budsjetterast med medlemsinnskot og arbeidsgivartilskot til Statens Pensjonskasse, då dette skal budsjetterast sentralt over kap. 1542. Dei som har ei ordning med særskild innbetaling til Statens Pensjonskasse inngår ikkje i løyvinga på kap. 1542 og skal føre opp arbeidsgivartilskot og 2 pst. i medlemspremie. Det skal ikkje budsjetterast med utgifter til vikar under fødselspermisjon og sjukdom.

#### **5.4 Særleg om Statens forretningsdrift - renteutgifter, avskrivningar mv.**

##### *Renter*

For staten si forretningsdrift skal det først opp renter av staten sin kapital i bedriftene. Rentene skal først opp i samsvar med prinsippa i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 7 (1993-94). For kapitalinnskot frå 2006, 2007, 2008, 2009 og 2010 (inkl. eldre kapitalinnskot konverterte i desse åra) er rentesatsen etter tur (3,2; 3,8; 4,64; 4,69 og 3,42) pst. jamfør rundskriv R-1/2010 Statsbudsjett og statsrekneskap 2010 - Rentesats for mellomverende med statskassen og statens kapital i statens forvaltningsbedrifter. Den rentesatsen som skal nyttast på nye kapitalinnskot i 2011 og på eldre kapitalinnskot som blir konvertert i 2011, vil bli fastsett av Finansdepartementet i oktober/november 2010 på grunnlag av gjennomsnittleg rente på 5-års obligasjonslån i 12-månadersperioden 1. oktober 2009 - 30. september 2010. I budsjettforslaget for 2011 kan ein nytte satsen for 2010.

Det skal også først renter på forvaltningsbedriftene si mellomrekning med statskassa. Renta er her knytt opp mot renta på kortsiktige kontlån til statskassa. Desse renteinntektene skal likevel ikkje budsjetterast. Dei vil derfor berre komme fram i rekneskapen.

##### *Avskrivningar*

Den investerte kapitalen skal avskrivast i samsvar med dei retningslinjene som er fastsette for kvar forvaltningsbedrift på grunnlag av Stortinget sitt generelle vedtak om avskrivningar av 14. juni 1990 på grunnlag av St.prp. nr. 87 (1989-90), jf. Innst. S. nr. 243 (1989-90).

#### **5.5 Særleg om forvaltningseiningane for statlege utlån**

For å få til eit samordna system for løyvingar og rekneskap i statsbudsjettet/statsrekneskapen for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånordninga under Statens Pensjonskasse skal desse hovudprinsippa leggjust lagt til grunn, jf. Prop. 1 S (2009-2010) kapittel 9.4:

- Ei systematisk budsjettering og reknarskapsføring av alle renteinntekter ut frå opptente renter basert på kalenderåret. Under kvar post i fagproposisjonane skal det gjerast greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret. Alle kostnader og andre inntekter enn renter skal handsamas etter kontantprinsippet.
- Kvar forvaltningseining skal ha eigne 70-postar for å dekkje tap/kostnader som

oppstår ved manglande tilbakebetaling av statlege utlån. Under kvar post skal det gjerast greie for kva som vi gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret.

Som grunnlag for makroøkonomiske utrekningar i Finansdepartementet, ber vi i tillegg om å få følgjande opplysningar for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånordninga i Staten Pensjonskasse for åra 2011-2014:

- Samla uteståande fordringar for renteberande lån, ikkje renteberande lån, og opptent, men ikkje betalt rentegjeld per 1/1 2011, per 1/1 2012, per 1/1 2013, per 1/1 2014 og per 1/1 2015.
- Opptente renteinntekter for forvaltningseiningane dei enkelte åra.
- Låneporteføljen fordelt mellom fast og flytande rente, og fordelt på resterande løpetid.

Finansdepartementet vil sende ut nærare retningslinjer for berekning og bokføring av rentestøtte mv., i tråd med hovudprinsippa i Prop. 1 S (2009-2010) kapittel 9.4 i løpet av våren 2010. Departementet vil òg kome med eige brev til dei aktuelle departementa med retningslinjer for kva renteføresetnader som skal liggje til grunn for anslaga for 2011 og med eventuelle presiseringar av føresetnader om gjennomføring av budsjettoplegget innan 1. juli 2010.

## 6 GUL BOK 2011

### 6.1 Utforming av departementsomtalen i Gul bok

Departementsomtalen i Gul bok skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversikt over løyvingforslaga og ein tekstleg omtale av hovudtrekk og prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

Kvart departement skal utarbeide omtale for områda sine og sende dette til Finansdepartementet innan **10. september**.

#### *Oversiktstabell*

Tabellen skal gi ei oversikt over budsjettforslaget på programkategori-nivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande år (Saldert budsjett 2010), løyvinga for komande år (Prop. 1 S for 2011) og prosentvis endring frå inneverande til komande år. Sum skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på områda til departementet skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort større tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løyvingane under eit departement, bør dette omtalast kort i fotnotar under tabellen.

### *Tekstleg omtale*

Departementsomtalen skal ha tre hovuddelar.

- I den fyrste delen skal hovudtala i budsjettoplegget omtalast kort. Omtalen skal vere utfyllande i forhold til tabellen, og skal berre unntaksvis framstille tal i tabellen.
- Andre del skal syne dei viktigaste prioriteringane i 2011-budsjettet. Denne delen skal bestå i ei strekliste med kort omtale av tre til fem hovudprioriteringar. Også større innsparingsforslag er å rekne som prioriteringar, og bør derfor inngå i streklista.
- Tredje og siste del utgjer hovuddelen av departementsomtalen, her skal det vere ei kortfatta omtale av hovudtrekka i utgiftene til departementet. Omtalen skal leggje vekt på utgiftsnivået og dei største ansvarsområda til departementet. Viktige utviklingstrekk i utgiftene over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde nedanfor.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av utgiftene til departementa, er det viktig at denne malen blir følgd.

### *Lengda på departementsomtale*

Finansdepartementet legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart enkelt departement:

- Arbeidsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet 1 ½ side
- Dei andre departementa ¾ side

### *Tekniske krav til utforminga av departementsomtalen*

Gul bok for 2011-budsjettet vil bli utarbeidd på same produksjons- og publiseringsløyising som fagproposisjonane. Dette inneber at dei same malane og stilane som blir brukt ved utforminga av fagproposisjonane også skal nyttast ved utforminga av departementsomtale i Gul bok. Det er ikkje gjort endringar av stilar og malar etter siste produksjon.

Servicesenteret for departementa vil gi nødvendig brukarstøtte dersom departementa har behov for teknisk assistanse i samband med utarbeidinga av departementa sine bidrag til Gul bok. Meir informasjon om brukarstøtta finst på internettsida [www.fagprp.com](http://www.fagprp.com).

Utkasta må leverast både på papirutskrift og via Budkom/Dokkom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word 97-2003-dokument. Tabellane må stillast opp slik det er omtalt i brukardokumentasjonen.

## **6.2 Forslag til vedtak**

Finansdepartementet vil sende utskrift av dataregisteret for 2011 til alle departementa etter budsjettkonferansen i august. Denne utskrifta må kvart fagdepartement kontrollere innan den fristen som blir sett. Det er fagdepartementet som har ansvar for

å kontrollere at utskrifta stemmer med den fordelinga som er godkjend på kapittel og post. Systematikken, nemningane og stikkorda må vere korrekte, slik at utskrifta kan nyttast som manuskript til "Forslag til vedtak" i Gul bok.

Systematikken er som i fjor:

- 1 Kapitla skal grupperast på vanleg måte.
- 2 Kapittel, post og stikkord skal ha nemning på bokmål.
- 3 All beløp skal førast opp fullt ut (i heile kroner).
- 4 Beløpa skal førast opp i tre talkolonnar, med summering for programkategori og programområde. På inntektssida blir "Departementas inntekter" summert (kap. 3011 - 4799).
- 5 Postar/kapittel utan forslag om løyving for 2010 blir ikkje ført opp.

Stikkorda "*overslagsløyving*", "*kan overførast*" og "*kan nyttast under*" må takast med etter nemninga på posten, både i Gul bok og i forslag til vedtak i fagproposisjonen. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye poster.

Dersom datautskrifta kan brukast som manuskript utan endringar, ber vi om at den blir returnert med påteikning om dette. Eventuelle rettingar må førast på utskrifta saman med melding om nemning. Det må ikkje førast på endringar som ikkje er godkjende på førehand av Finansdepartementet.

Forslag til romartalsvedtak skal leverast etter dei same tekniske spesifikasjonane som for departementsomtalen i Gul bok.

## 7 FAGPROPOSISJONANE 2011

### 7.1 Fristar for arbeidet med fagproposisjonane

#### *Førsteutkast til fagproposisjon*

Vi ber om å få utkast til fagproposisjon innan **13. september**. Det er ikkje nødvendig at teksten er fullstendig, men ein bør gjere merksam på avsnitt som manglar. Viktige tillegg eller endringar i teksten kan sendast inn når dei er ferdige. Departementa skal levere utkastet både på papirutskrift og i elektronisk versjon.

#### *Trykking*

Budsjettproposisjonen skal ha namnet "Prop. 1 S (2010-2011) for budsjettåret 2011".

Departementa må i god tid avtale eigen frist for å levere endeleg manuskript til fagproposisjonane til Servicesenteret for departementa, Informasjonsforvaltning, teknisk redaksjon for regjeringsdokumenta og NOU.

Spørsmål om innlevering av manuskript blir teken opp med:  
Espen Myhrvold tlf. 22 24 98 05  
Astrid Nessøe tlf. 22 24 98 02

Ev. spørsmål kan sendast på elektronisk post til teknisk.redaksjon@dss.dep.no

Det er òg muleg å kontakte brukarsenteret på tlf. 45000

### *Framlegg i statsråd*

Fagproposisjonane skal leggjast fram i statsråd 17. september.

## **7.2 Utforming av teksten i fagproposisjonane**

### **7.2.1 Hovudstruktur for fagproposisjonane**

Framstillinga i fagproposisjonane skal som hovudregel ha tre delar:

Del I skal gi ei samla oversikt over budsjettforslaget. Denne delen bør utformast slik at den kan tene som grunnlag for den generelle delen av innstillinga frå vedkomande stortingskomité. Hovudoppgåvene til departementet, tilstandsvurdering, resultatrapportar, hovudutfordringar, hovudsatsingar og hovudmål må kort omtalast. I tillegg skal del I gi ei oversikt over oppmodingsvedtak som blir omtalte i proposisjonen.

Del II skal innehalde ei samla oversikt over budsjettforslaget medrekna kategoriomtale og kapittelomtale.

Kategoriomtalen skal vere ein felles omtale av budsjettkapitla som høyrer til under same programkategori. Også her skal ein omtale oppgåver, tilstandsvurdering, resultatrapportar, utfordringar, satsingar og mål, men omtalen skal vere mindre overorda enn i innleiinga, jf løyvingsregelverket. Måla skal omhandle effektane, eventuelt andre resultat, som ein ønskjer å nå eller endre ved hjelp av løyvinga og tilgjengeleg verkemiddel. Resultatmål skal angi ambisjonsnivå.

Under kategoriomtalen kan det også vere naturleg å skrive om dei verksemdene eller ordningane som kategorien omfattar. Under kapittelomtalen skal ein særleg forklare innhaldet i dei ulike løyvingane.

Det er viktig at departementa vurderer nøye korleis, og kvar, dei presenterar mål, satsingar og resultat, og såleis unngår gjentakning. Dersom departementet presenterer mål og resultatkrav både på kategori- og kapittelnivå, skal omtalen vere meir konkret på kapittelnivå enn på kategorinivå. Oppnådde resultat bør omtalast på same kategori- eller kapittelnivå som målet dei er knytte til.

I del III omtalast andre tema som departementet finn det relevant og formålstenleg å informere Stortinget om, jf. også pkt. 7.2.3 nedanfor.

For at dokumenta skal ha eit einsarta preg ber vi om at denne inndelinga av fagproposisjonane blir nytta.

## 7.2.2 Generelle retningslinjer for utforminga av teksten

### *Proposisjonane skal berre innehalde godkjende planar*

Ved utforminga av fagproposisjonane må det takast omsyn til at *det er Regjeringa som legg fram budsjettforslaget*. Kommentaranane i fagproposisjonane skal derfor berre grunngi dei forslaga som blir tekne med i det endelege budsjettforslaget. Det skal ikkje omtalast planar som kan ha budsjettkonsekvensar eller andre økonomiske og administrative konsekvensar, utan at planen heilt ut er godkjend av Regjeringa. Dersom eit departement er i tvil om eit forslag går ut over tidlegare godkjenning, må dette takast opp med Finansdepartementet som eiga sak. Det kan ikkje reknast som førespurnad om godkjenning dersom det utan merknad blir teken inn slik omtale i førsteutkastet til proposisjon.

### *Resultatmål og rapportering*

Løyvingsreglementet § 9 krev at ein skal omtale dei resultata som ein tar sikte på å oppnå med løyvingsforslaga. Mål vil kunne vere på ulike nivå, jf. punkt 7.2.1. Krava til resultatomtale og resultatrapportering gjeld både satsingar og mål på tvers av sektorar og verksemdområde, og satsingar og mål som gjelde dei einskilte verksemdene og staten sine tilskotsordningar. Når det gjeld omtale av tilskotsordningar viser vi særleg til kapittel 6 i "Bestemmelser om økonomistyring i staten".

I fagproposisjonane må departementa gi ein mest mogeleg presis omtale av kva ein vil at verksemdene skal oppnå med løyvinga under kvar programkategori/kvart kapittel. Detaljert omtale som i sin karakter høyrer heime i det enkelte fagdepartement si styring av underliggjande verksemdar, bør ikkje takast med i fagproposisjonen. Fagproposisjonen bør i staden på meir overordna nivå omtale formålet med løyvingane og kva som faktisk er oppnådd eller skal oppnåast.

I proposisjonen skal ein rapportere om oppnådde resultat i 2009, både for staten sine eigne verksemdar og for tilskotsordningar. Departementa må leggje vekt på å gi informasjon av overordna karakter på dette punktet. Det er likevel viktig at resultatrapporteringa viser til og henger saman med måla for 2009 som tidligare er presentert for Stortinget. Departementet må leggje vekt på at omtalen av resultatmål og rapportering skal vere strukturert og poengtert. For å unngå lange aktivitetsskildringar, bør resultatrapporteringa om mogeleg baserast på styringsparametrar som måler oppnådde effektar. Omtalen kan gjerne supplerast med ein tabell som viser samanhengen mellom mål og oppnådde resultat. Dersom det er store avvik, må ein gje ei vurdering av årsaka til dette.

### *Orientering om heilårsverknad*

For nye tiltak som ikkje blir sett i gong frå 1. januar 2011, er det viktig at Stortinget får informasjon om kva heilårsverknaden på statsbudsjettet blir frå 2012 eller seinare. Dette gjeld både nye tiltak som krev høgare løyving og innstrammingstiltak.

### 7.2.3 Omtale av særlege tema

#### *Sektorovergripande miljøvernpolitikk*

Miljøprofilen i budsjettforslaget skal omtalast i fagproposisjonen der departementet meiner det er relevant og formålstenleg. Omtalen skal byggje på departementa sine innspel til Miljøverndepartementet i samband til rammefordelingsforslaget. I tillegg skal ein ta med ei samla framstilling av miljøprofilen i del III i fagproposisjonen. Den samla miljøprofilen i Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2011, på tvers av sektorar, vil bli framstilt i Miljøverndepartementets proposisjon.

#### *Fornyng, organisasjons- og strukturendring i statsforvaltninga*

Departementa kan innarbeide omtale av arbeidet med å fornye offentleg sektor der det er relevant og formålstenleg i fagproposisjonen. I samanheng med dette skal ein omtale planar og status for organisasjons- og strukturendringar innanfor dei einskilde verksemdene, samt dei økonomiske og personalmessige konsekvensane av slike endringar. Ein skal plassere ei eventuell samla framstilling av fornyingsarbeidet til departementet i del III i fagproposisjonen.

#### *Oppfølging av likestillingslova sitt krav om å gjere greie for likestilling*

Likestillingslova § 1 a inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna internt i verksemda (utgreiingsplikta). Her skal ein òg ta med planlagde tiltak for å fremje likestilling, saman med dei tiltaka som verksemda allereie har sett i verk. Utgreiinga skal innarbeidast i del III av fagproposisjonen.

Vidare følgjer det av §1 a i likestillingslova at offentlege styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling på alle samfunnsområde (aktivitetsplikta). Departementa skal innarbeide kjønns- og likestillingsperspektivet i fagproposisjonen der ein finn det relevant og formålstenleg. Ein kan plassere ei samla framstilling av departementet si oppfølging av aktivitetsplikta i del III i fagproposisjonen. Barne- og likestillingsdepartementet har gitt ut rettleiaren "Veileder til likestillingsvurdering og omtale i departementenes budsjettproposisjoner" som bør nyttast i utarbeidinga av omtalen.

#### *Forretningsdrifta til staten - opplysningar om kapitalbalanse og renter i byggjetida*

##### OPPLYSNINGAR OM KAPITALBALANSE

Budsjettproposisjonane skal innehalde opplysningar om kapitalbalanse for alle forvaltningsbedriftene, jf. St.prp. nr. 65 (1990-91), pkt. 2.1, og Innst. S. nr. 176 (1990-91). Oppstillinga i budsjettproposisjonane bør om mogeleg også vise balansen ved utgangen av dei to føregåande åra. Vidare ber vi om at balanseoppstillingane i budsjettproposisjonen blir supplerte med økonomiske nøkkeltal og ein finansieringsanalyse. Aktuelle nøkkeltal kan for eksempel vere overskotsgrad, totalrentabilitet, egenkapitalrentabilitet og totalkapitalen sin omløpsfart.



## RENTER I BYGGJETIDA

I omtalen av statlege bygg og anlegg, skal det takast med renter i byggjetida, sjølv om slike renter ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av løyvingane, jf. St.prp. nr. 65 (1990-91), pkt. 2.2, og Innst. S. nr. 176 (1990-91). Renta skal settast lik renta for statens kapital i forretningsdrifta, jf. pkt. 5.4 ovanfor.

### *Oppmodingsvedtak*

Oppmodingsvedtak frå Stortinget til Regjeringa skal omtalast i fagproposisjonane. I del I av fagproposisjonen skal departementa gje ei oversikt over oppmodingsvedtak som blir omtalt, mens den nærmare omtalen blir plassert i del II eller del III av proposisjonen avhengig av relevans. Departementa skal vise til vedtak nr. og dato for vedtaket. Det blir vist til avsnitt 1.5 i St.prp. nr. 65 (2004-2005).

### *Omtale av lønsvilkåra mv. til leiarar i heilåtte statleg verksemdar*

I del III av fagproposisjonane skal det tas med opplysningar om lønsvilkåra til leiarane i dei heilåtte statlege verksemdene:

- Samla utgifter til løn, pensjonsforpliktingar og anna godtgjersle til dagleg leiar.
- Arten og omfanget av forpliktingar til dagleg leiar ved oppseiing eller endring av tilsetjingsvilkår.
- Avtalar om bonus, utdeling av overskot og liknande til fordel for dagleg leiar.

## **7.3 Fagproposisjonane - teknisk direktiv**

### **7.3.1 Forslag til vedtak**

Forslag til vedtak om løyvingar i fagproposisjonane må vere i samsvar med det manuskriptet som er godkjent til forslag til vedtak i Gul bok, med den same fordelinga på kapittel og post. Departementa må kontrollere både kronetal, stikkord og nemning på kapittel og post, med det unntaket at i ein fagproposisjon som er skriven på nynorsk, må også nemning og stikkord vere på nynorsk.

Forslag til vedtak skal innleiest med "I" (romartal). Departementa skal fordele løyvingar på utgifter og inntekter gruppert kvar for seg. Sjå retningslinjene i rettleiinga Om statsråd, side 99, frå Statsministerens kontor.

Romartal II og seinare nummer gjeld forslag om fullmakt til å bestille utstyr, til å gi tilsegn om statstilskot, om statsgaranti og eventuelle andre romartalsvedtak. Ein må formulere desse forslaga i samsvar med det som blir ført opp i Gul bok.

### **7.3.2 Tabellar i innleiinga**

I innleiinga skal det vere minst to standardtabellar:

- 1 Utgifter spesifiserte på programkategori og utgiftskapittel, med tal for 2009, 2010 og 2011, og utrekning av prosentvis endring frå 2010 til 2011.
- 2 Tilsvarande tabell for inntekter.

### **7.3.3 Kapittelrekkefølge**

I teksten skal ein omtale kapittel i nummerrekkefølge på utgiftskapittel innanfor kvar programkategori. Også staten si forretningsdrift og statsbankane skal omtalast under den programkategorien der dei høyrer heime. Inntektskapittel som hengjer saman med eit utgiftskapittel, skal omtalast rett etter dette utgiftskapittelet.

### **7.3.4 Rekneskapstal for 2009 og løyving for 2010**

I postoppstillinga under kvart kapittel skal det vere tre kolonnar: rekneskapstal for 2009 og løyving for 2010 og forslaget for 2011. Som løyving for 2010 skal ein nytte saldert budsjett. Dersom det er vedteke store endringar i forhold til saldert budsjett, må ein kommentere dette.

Ein sett opp tal for inntektskapitla på den same måten som for rekneskapen for 2009 og løyvinga for 2010. Sjølv om ein budsjetterer med 0 (null) i inntekt for 2010 (kombinert med meirinntektsfullmakt) er det viktig å ta med alle inntektspostar i posttabellen, slik at ein får fram rekneskapstala. Dersom det er oppretta inntektskapittel fyrst i løpet av 2010, slik at det verken ligg tidlegare rekneskapstal eller løyving for 2010 i saldert budsjett, bør ein likevel nemne inntektskapitlet kort i kommentarane.

### **7.3.5 Tabellar for underposter**

Som tidlegare skal ein ikkje stille opp underpostar under driftspostane. I løyvingerekneskapen skal departementa bruke den standardiserte kontoplanen som Finansdepartementet har fastsett, med underpostar og underunderpostar.

For andre postar må departementet i kvart tilfelle vurdere om ein skal spesifisere underpostar for å få fram dei prioriteringane som Stortinget har gjort, jf. Innst. S. nr. 176 (1990-91), side 6.

Når det blir sett opp tabell med spesifisering på underposter, skal ein også spesifisere rekneskapstal for 2009 på underposter.

## **8 BUDSJETTFORSLAG SOM HAR VERKNAD FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR**

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar får nok tid til å gjennomføre tiltak som følgjer av forslag i budsjettproposisjonen. Vi ber kvart departement om å melde slike budsjettforslag til kommunar/fylkeskommunar så snart budsjettproposisjonen er lagt fram for Stortinget.

Når det er nødvendig for utarbeiding av fylkesbudsjetta, kan departementet gi opplysningar til fylkesmenn og fylkeskommunale styresmakter før Prop. 1 S er levert til Stortinget. I slike tilfelle må ein gjere merksam på at opplysningane er fortrulege.

## 9 OVERSLAG OVER BEHOV FOR Å ENDRE LØYVINGANE I 2. HALVÅR FOR 2010-BUDSJETTET

For å få ei best mogeleg oversikt over budsjettsituasjonen for 2. halvår 2010 i samanheng med at budsjettet for 2011 blir lagt fram, skal det vere ei ekstra innrapportering til Finansdepartementet om strengt nødvendige løyvingsendringar i 2. halvår 2010. Vi ber derfor kvart departement om å utarbeide overslag for områda sine.

Først seinare i terminen kan ein ta endeleg stilling til kva forslag som skal leggjast fram for Stortinget. Innrapporteringa blir ferdigstilt i midten av oktober med sikte på felles regjeringshandsaming i byrjinga av november. Vi er derfor klare over at overslaga må bli nokså grove, og at dei seinare kan bli korrigererte.

Vi ber også om at dei samla forslaga frå departementa over nødvendige endringar blir fordelte på postgrupper på følgjande måte:

Post	01, undergruppe 01	Lønn og godtgjersle
“	01, undergruppe 02	Varer og tenester
	til og med post 24	Andre driftsutgifter
“	30-49	Bygg og anlegg mv.
“	60-69	Overføringer til kommunar
“	50-59 og 70-89	Andre overføringer
“	90-99	Lånetransaksjonar

Overslaga må sendast til Finansdepartementet innan **3. august 2010**.

## 10 RETNINGSLINJER FOR OFFENTLEG INFORMASJON OM BUDSJETTSAKER

Den nye offentleglova trådde i kraft frå 1. januar 2009, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova).

Offentleglova § 22 første punktum gir som tidlegare høve til å gjera unntak for innsyn i dokument som er utarbeidd av eit departement, og som gjeld statlege budsjettsaker. Eksempel på slike dokument er:

- Forslag til løyvingar og anna budsjettmateriale som blir sendt frå departementa og Statsministerens kontor til Finansdepartementet.
- Utgreiingar, notat, brev med vidare som er utarbeidd av eit departement eller Statsministerens kontor og som gjeld statlege budsjettsaker.
- Departementa og Statsministerens kontor sine forslag om overskridingar og løyvingsendringar innafor gjeldande budsjettår og Finansdepartementet sine avgjersler i slike saker.


Det kan ikkje gjerast unntak frå innsyn etter offentleglova § 22 første punktum for budsjettforslag som eit departement har motteke frå underliggende verksemder eller frå kommunar eller private. Dette følgjer av at desse budsjettdokumenta ikkje er utarbeidd av eit departement. Etter offentleglova § 22 andre punktum er det høve til å gjere unntak frå innsyn for opplysningar om førebels budsjettrammar, fastsett av regjering eller departement, i dokument frå underliggende organ eller etat, frå Det Kongelege Hoff, Domstolsadministrasjonen og Sametinget. Her er det berre sjølv opplysningane om dei førebelse budsjettrammane som det kan gjerast unntak for, ikkje resten av dokumentet.

Ei rekkje av dei statlege budsjettdokumenta som det kan gjerast unntak frå innsyn etter offentleglova § 22, kan det og gjerast unntak for etter andre føresegner i lova. Dette gjeld til dømes § 14 første ledd om unntak for organinterne dokument eller § 15 første ledd om unntak for dokument som eit departement har innhenta frå eit anna departement eller eit underordna organ. Desse unntaka blir ikkje nærare omtalte her.


Etter offentleglova § 29 første ledd skal det organet som mottek eit krav om innsyn, gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kravet. Dette gjeld uansett om dokumentet er utarbeidd av organet sjølv eller av eit anna organ. Organet må vurderer både om det finns heimel for å nekte innsyn i eit dokument eller opplysningar i dokumentet, og om det i slike høve likevel bør gis heilt eller delvis innsyn etter regelen om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

Det er viktig at departementa tek omsyn til regjeringa sitt behov for å kunne halde fortruleg kva for vurderingar som blir gjort i løpet av ein budsjettprosess når dei vurderer om det skal gis meirinnsyn i dokument eller opplysningar. Dette er bakgrunnen for at det i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) Om lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) blei lagt til grunn at behovet for å gjere unntak for dokument og opplysningar som er omfatta av offentleglova § 22, som regel vil gjera seg gjeldande (s. 95 første spalte).

Med helsing



Espen Aasen  
avdelingsdirektør



Stig-Ove Gravdal  
seniorrådgjevar